



Gaular kommune

Spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL)



Tiltaksstrategi 2017-2020

Målretting av midlane

Retningslinjer for prioritering av søknadar

Vedteken i Utvalet for plan og utvikling, landbruk, næring og teknisk
23. mai 2017, sak PLU-014/17.

Innleiing

Tiltaksstrategi 2017-2020 er ei revidert utgåve av tiltaksstrategi 2010-2014, men er avgrensa til å gjelde SMIL-ordninga. Strategien inneheld retningslinjer for prioritering av prosjekt og tiltak innanfor *forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket* av 4. februar 2004, og med omsyn til lokale miljøverdiar og utfordringar i Gaular kommune.

Utvalet for plan og utvikling, landbruk, næring og teknisk fastset tiltaksstrategien og prioriterer og fordeler SMIL-midlane.

Strategien kan også nyttast som eit grunnlag for kommunen sine tilrådingar i andre tilskotsordningar:

- Utsiktsrydding i kulturlandskapet (Fylkesmannen)
- Kulturminnefondet (for kulturlandskapstiltak)
- Regionalt miljøprogram (Fylkesmannen)
- Tilskot til drenering av jordbruksjord (kommunen)

Framlegg til tiltaksstrategi har vore sendt til uttale til Fylkesmannen si landbruksavdeling, fylkeskommunen si kulturavdeling, Gaular Bondelag, Gaular Bonde- og småbrukarlag og Viksdalen Bondelag. Andre aktuelle instansar, lag og organisasjonar har også fått informasjon om revisjonen og fått høve til å kome med innspel. Det vart gjennomført eit møte 4. april 2017 med Fylkesmannen og dei lokale næringsorganisasjonane for å drøfte strategien.

Atle Hoff
utvalsleiar PLU

Truls Hansen Folkestad
utvalssekretær

Verdiar og utfordringar

Gaular kommune har eit variert kulturlandskap som følgje av stor variasjon i naturgrunnlaget frå fjord til fjell, frå innland til kyst, og langvarig påverknad frå tradisjonelle driftsformer i landbruket. Einerhagar, hagemark med lauvtre eller furu, styvingslier med edellauvtre og gamle slåtteeenger er døme på dette. Dalsfjorden og elva Gaula er svært sentrale i landskapsbiletet og innmarks- og utmarksareala ligg som mosaikk langsetter dalføra. Steinalderfunn på Skilbrei og Nes tydar på at det har budd folk i Gaular i minst 4000 år. Dei fleste funna stammar frå vikingtida, særleg i Eldalen og i Bygstad.

Natur- og kulturminneverdiane i kulturlandskapet er samla i oversiktlege databasar på internett. For søkjarar på tilskotsordningane er følgjande nettsider viktigast:

www.gardskart.skogoglandskap.no

www.fylkesatlas.no

Utfordringane i Gaular kommune er i hovudsak knytt til aktiviteten i landbruket. Kulturlandskapet vart forma i ei tid med langt fleire bruk, årsverk og dyr og med ei heilt anna utnytting av innmarks- og utmarksressursane enn i dag. Det moderne jordbruket må drive kostnadseffektivt med rasjonelle areal og bygningar og intensiv produksjon. Ivaretaking av marginale areal og dei eldste bygningane og kulturminna er ressurskrevjande og kan vere vanskeleg å prioritere i kvardagen. Mange stader har attgroinga kome langt både på innmarks- og utmarksareal. Konsekvensen er tap av verdifulle kulturlandskap og kulturelement, redusert framkomst for folk og fe, mindre utsikt og redusert opplevingskvalitet langs viktige ferdsleårar. Dette er negativt for både gardbrukaren, innbyggjaren og turisten. Jordbruksaktivitet medfører generelt ei belastning på vassmiljøet, gjennom diffus avrenning frå jordbruksareal og enkelte punktutslipp. I Gaular kommune er dette ei problemstilling særleg for Kvamselva/Fauskeelva, og nokre mindre sideelver til Gaula.

Tilskotsbehov

Ut i frå søknadspågang dei siste åra og målsettingar i revidert tiltaksstrategi, reknar ein med eit samla behov for SMIL-midlar på kr 400 000 årleg i perioden 2017-2020.



Mål og prioriteringer

Mål for kulturlandskapstiltak

- Ope kulturlandskap til nytte og glede for alle brukargrupper
- Særleg verdifulle natur- og kulturminneverdiar i kulturlandskapet ivareteke

Mål for forureiningstiltak

- Jordbruksareal utan erosjon og avrenning som kan føre til forureining av vassmiljøet
- Handtering av husdyrgjødsel, silopressaft og rundballar utan fare for forureining

Prioritering av søknader:

Gaular kommune prioriterer både kulturlandskapstiltak og forureiningstiltak, altså at gode søknader innanfor baa tiltaksgrupper bør vere representert i den årlege tildelinga.

Planleggings- og tilretteleggingstiltak inngår i kvar tiltaksgruppe.

Prioritering innanfor tiltaksgruppa *Kulturlandskap*:

1. Biologisk mangfald, gamal kulturmark
2. Tilgjenge og opplevingskvalitet
3. Kulturminne, kulturmiljø, verneverdige bygningar

Prioritering innanfor tiltaksgruppa *Forureining*:

1. Utbetring av skadar, enkeltpunkt
2. Fangdam, reinsing av grøftevatn

Søknadane vert vurdert og prioritert ut i frå momenta i tabellen nedanfor:

Tiltak	Tilskotssats (av godkjend kostnadsoverslag)	Føresetnader, vilkår, vektlegging
Kulturlandskapstiltak		
<p>Biologisk mangfald og gamal kulturmark Tiltak for å fremme biologisk mangfald, kulturminne og landskapsbiletet.</p> <p>Tiltak for å ta vare på truga naturtypar og raudlisteartar i kulturlandskapet.</p> <p>Areal med vegetasjon utforma ved slått, beiting, styving, brenning eller andre driftsformer gjennom lang tid, ofte utan tilførsel av gjødsel, og med eit plante- og dyreliv som skil seg frå det som elles kan vere vanleg i området. Spor etter gamle driftsmåtar (rydningsrøyser, murar, styvingstre...) og andre kulturminne (gravrøyser, hustuffer, utløer...).</p> <p>Aktuelle tiltak: Målretta rydding, beiting/gjerding, slått, styving. Framrydding av kulturelement i landskapet inngår, mens restaurering inngår i <i>kulturminne</i> nedanfor.</p>	Inntil 70 %	<p>Potensielt mange uregistrerte areal.</p> <p>Registrerte naturtypar med særskild verdi. 12 lokalitetar pr. mars 2017, jf fylkesatlas.no. Store gamle tre, beiteskog, naturbeitemark, slåttemark, slåtte- og beitemyr, hagemark.</p> <p>Registrerte kulturlandskap med særpreg eller særskild verdi, jf. fylkesatlas.no.</p> <p>Vilkår om årleg skjøtsel etter eit fastsett opplegg for 5 år etter ferdigstilling.</p>
<p>Tilgjenge og opplevingskvalitet Tiltak for å stimulere til rekreasjon og friluftsliv i jordbruket sitt kulturlandskap.</p> <p>Samanhengande sti- og turvegnett, forenkla tilkomst, kanalisering av ferdslø utanom dyrka mark, sikring av tilgang til kulturminne, friluftsområde ol.</p> <p>Tiltak for registrerte naturvernområde og friluftsområde ligg utanfor ordninga.</p> <p>Aktuelle tiltak: Skilting, opparbeiding, gjerding, reparasjon, restaurering, rydding, beiting mm.</p>	Inntil 50 %	<p>Tiltaka må ha ein verdi for jordbruket sitt kulturlandskap.</p> <p>Turisme eller annan næringsverdi for landbruket, og tiltak kring Nasjonal turistveg, Gaula og Dalsfjorden vert vektlagt.</p> <p>Vilkår om årleg vedlikehald etter eit fastsett opplegg for 5 år etter ferdigstilling.</p>
<p>Kulturminne, kulturmiljø, verneverdige bygningar Tiltak for å ta vare på det opphavelige, altså restaurering framfor utskifting.</p> <p>Spor etter menneskeleg aktivitet knytt til jordbruket.</p> <p>Automatisk freda og vedtaksfreda kulturminne etter kulturminnelova ligg utanfor ordninga.</p>	Inntil 50 %	<p>Stort spekter av kulturminne, frå klopper og bakkemurar til ulike bygningar.</p> <p>Ved større prosjekt kan kommunen krevje fagleg kvalifisert vurdering.</p>
Forureiningstiltak		

<p>Utbetring av skadar, sikring Tiltak utover vanleg vedlikehald for å redusere erosjon og avrenning av jord og næringsstoff, som regel enkeltpunkt.</p> <p>Aktuelle tiltak: Reparasjon av øydelagde kummer og utløp, reparasjon av enkelte avskjeringsgrøfter, utviding/utbetring til auka kapasitet grunna endra nedbørs- og avrenningsforhold, sikring mot avrenning frå utsette areal eller frå lagringsplassar for husdyrgjødsel og silopressaft.</p>	<p>Inntil 50 %</p>	<p>Tiltak med omsyn til sårbare elver, bekkar og vatn vert vektlagt, jf. vann-nett.no.</p> <p>Tiltak i nedbørfelt for Kvamselva/Fauskeelva og for registrerte verdifulle natur- og friluftsområde vert vektlagt.</p>
<p>Fangdam, reinsing av grøftevatn Tiltak for å redusere tap av jord og næringsstoff til vassmiljøet.</p> <p>Aktuelle tiltak: Fangdam, vegetasjonsbelte, våtmarksfilter, sedimentasjonskammer.</p>	<p>Inntil 50 %</p>	<p>Tiltak med omsyn til sårbare elver, bekkar og vatn vert vektlagt, jf. vann-nett.no.</p> <p>Tiltak i nedbørfelt for Kvamselva/Fauskeelva og for registrerte verdifulle natur- og friluftsområde vert vektlagt.</p>

Forhold som også kan verte vektlagte:

Tiltak som har næringsverdi for jordbruket

Tiltak som bidreg til å oppfylle fleire av målsettingane i tiltaksstrategien

Tiltak der SMIL-tilskot vil bidra til å løyse ut tilskot frå andre ordningar, td. RMP (regionalt miljøprogram), utsiktsrydding og kulturminnefondet

Søknader som ikkje vert prioritert:

Tiltak som er igangsett før søknaden er handsama

Tiltak som ein kan forvente inngår i den ordinære jordbruksdrifta

Kjøp av maskinar eller anna laust teknisk utstyr

Tiltak på eigedom der det allereie pågår liknande tiltak med SMIL-tilskot

Søknad

Søknadsfristen for SMIL-tilskot er 20. april. Dersom det er meir midlar igjen, kan det også verte ein søknadsomgang med frist 15. september.

Ein må søkje på fastsett skjema *LDIR-430* frå Landbruksdirektoratet, som er tilgjengeleg på tenestetorget på kommunehuset eller via nettsida www.landbruksdirektoratet.no.

Nødvendig innhald i søknaden går fram av søknadsskjemaet. Forskrift og rundskriv for SMIL-ordninga er også tilgjengeleg på nettsida ovanfor.

Kven kan søkje SMIL-midlar?

- Søkjar må vere registrert i *Enhetsregisteret* og ha eit organisasjonsnummer
- Tiltaket må gjelde ein landbrukseigedom
- Eigjar eller leigetakar må drive ein produksjon på landbrukseigedomen som gjev rett til produksjonstilskot
- Eigjar av landbrukseigedomen må gi løyve til gjennomføring av tiltaket, helst skriftleg

Handsaming av søknadane

Etaten for landbruk/næring og teknisk vurderer søknadane og legg fram ei samla tilråding om prioritering av tilskot for *utvalet for plan og utvikling, landbruk, næring og teknisk* (PLU), som regel i mai eller juni. Søknadane skal innehalde nødvendig dokumentasjon og skal prioriterast etter retningslinjene i denne tiltaksstrategien. Etter vedtak i utvalet får kvar søkjar eit brev om vedtaket med opplysningar om klagerett, eventuelle vilkår for tilskotet, utbetaling og sluttdokumentasjon. Det kan vere aktuelt med synfaring før og etter tiltaket er gjennomført.

Kostnadsoverslag

Alle kostnader med gjennomføring av tiltaket (materialar, arbeid inklusiv nødvendig planlegging og organisering) kan inngå i tilskotsgrunnlaget. Dokumentert meirverdiavgift kan reknast med dersom søkjar ikkje er registrert for mva.

Gaular kommune legg til grunn faste satsar for eigeninnsats og ulike tiltak i kulturlandskapet:

Manuelt utført eige arbeid, 300 kr/ time.

Eige arbeid med motorsag, 350 kr/ time.

Eige arbeid med traktor, 500 kr/ time.

Eige arbeid med gravemaskin, tom. 4 tonn, 500 kr/time

Eige arbeid med gravemaskin, fom. 5 tonn, 650 kr/time

Eigeninnsats skal dokumenterast med timelister. Det skal ikkje reknast meirverdiavgift på eigeninnsats.

Rydding av gamal kulturmark	
Felling, rydding og fjerning av kvist og hogstavfall ved restaurering av gamal og delvis attgrodd kulturmark	Inntil 3000 kr/daa ved sterk attgroing. Ved mindre attgroing må ein bruke skjønn. Verdi av nyttbart virke må ein trekke frå. ¹
Motormanuell (ryddesag) felling, rydding av kratt og høgstaude	400 kr/daa
Bortkøyring av avfall og kvist	250–300 kr/daa
Rydding av kantsone langs vassdrag, veg, etc.	12 kr/lm
Skjøtsel av gamal kulturmark og kulturminne	
Beitepussing	150 kr/daa
Ljåslått	3–5 t/daa
Slått, motormanuell	400 kr/daa
Motorslåmaskin, 2-hjuls	0,5–1,0 t/daa
Mekanisert slått, innkøyring hesjing	10–15 t/daa
Mekanisert slått, innkøyring utan hesjing	2–4 t/daa
Gjerde	
Fjerning av gjerde	15–20 kr/lm
Nettinggjerde med topptråd, ferdig oppsett. Laus grunn ²	60 kr/lm
Permanent elektrisk gjerde. Faste stolper, to-tråds	30 kr/lm
Sluse med fast port (Y- og U-form)	1000–1500 kr/stk.
Gjerdeklyv	900 kr/stk.
Grind	2000 kr/stk.
Restaurering av steingard	
Enkel steingard, 1 m	400–1200 kr/lm
Ny dobbelsteingard	2000 kr/lm
Bakkemur/støttemur, H>1m Riving, sortering, bygging m.m.	500–1500 kr/lm
Ferdsletiltak	
Reinsk avskjeringsgrøft	8–15 kr/lm
Ny avskjeringsgrøft	30 kr/lm
Sti lite ferdsle, 10 cm lag	30–40 kr/m ²
Sti middels ferdsle, 20 cm lag	45–55 kr/m ²
Barkfylling	6–15 kr/m ²
Utlekking av 10 cm bere-/slitelag	15–18 kr/m ²
Samanbygd bord / to benker, 2 m lang, plank 200x50 mm	4000 kr/stk
Benk, 2 m lang	800 kr/stk.
Gangbru med rekkverk	Må utreknaast
Enkel gangbru	Må utreknaast
Merkepålar for sti	50 kr/stk.
Enkelt retnings-/namneskilt	200 kr/stk.
Lita infotavle (1m ²)	500–1000 kr/stk.
Stor infotavle (2–3 m ²)	2000–4000 kr/stk.
Oversiktstavle med tak	3000–6000 kr/stk.
Gangbanar i myr	50 kr/lm
Restaurering av bygningar og større kulturminne	
Kostnadsoverslag må setjast opp av fagperson.	

Merknader: 1) Dersom kostnad med rydding av gamal kulturmark er høgare enn kr 3000 pr. dekar skal det vere eit spesielt verdifulle kulturlandskap for at kostnadsoverslaget kan godkjennast. 2) Dersom det er myke fjellgrunn må kostnadsoverslaget pr. lm justerast opp.